



50 000 til Amerikafeber på Sletta

RADØY: Norsk Teaterråd har gitt 50.000 kroner til oppsetjinga av sogespelet Amerikafeber på Sletta.

Arthur Kleiveland
arthur@nordhordland.no

Sogespelet som er skrive av Johannes Heggland, skal framførast ved Vestnorsk Utvandringss-

senter (VUS) til sommaren. VUS markerer 15 års jubileum til sommaren, og fleire framsyningar av Amerikafeber skal setja ein ekstra spiss på jubileumsmarkeringa. Til sommaren er det tolv år sidan sogespelet vart vist på Sletta for første gong.

– Med tilskotet frå Norsk Teaterråd er vi eit godt stykke på veg

til å få realisert oppsetjinga. Vi treng fleire lokale og regionale støttespelarar, og ikkje minst lokale amatørskodespelarar, stastistar og andre frivillige, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland. Ho seier at eit spel vil gje nytt liv til emigrantlandsbyen på Sletta og stimulera til oppleving, undring og utfordring både for

aktørar og publikum.

–Vi reknar med større ringverknader enn dei reinte lokale. Det er ei målsetjing for oss å få nye målgrupper og særleg involvera born og unge i aktivitetane ved senteret, seier Dyrkorn Heierland, som ber interesserte aktørar om å melda seg på alt no.

SOGESPEL: Klart for Amerikafeber.



MYKJE SUPPLYBÅTAR: Ein oljerigg og så mykje som 21 supplybåtar held seg i området utanfor Mongstad Base fredag. Mange av desse låg og venta på været.

(Foto: Robert Fredheim)

Mykje aktivitet ved basen

MONGSTAD: det er stort sett alltid mykje båttrafikk rundt Mongstad, men fredag var det ekstra trangt, spesielt kva supplybåtar gjeld.

ENDRE HOPLAND
endre@nordhordland.no

Nh fekk i løpet av fredag føremiddag fleire tips om den travle supplybåtaktiviteten utanfor Mongstad Base. Folk som har tatt kontakt med avisa har tald opp mot

20 supplybåtar på same stad, og lurte såleis på om det var noko spesielt på ferde. Det er det ikkje, i følgje dagleg leiar på Mongstad Base, Ragnhild Langøy.

– Det er mykje supplybåtar og ein oljerigg her no, men det er faktisk ein sum av fleire ting som

gjer det. Rigger ligg og ventar på været, og det gjer også fleire av supplybåtane, seier Langøy.

Ho kan elles opplysa om at det på det mestevar 21 supplybåtar i området fredag ettermiddag.

– Dette inkluderar då båtane frå Slovåg, det er bra aktivitet

utanfor her no, seier ho til Nh like før klokka 15.00.

Oppedal-Lavik får miljøferje

GULEN: Oppedal-Lavik skal få si tredje ferje.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

Statens vegvesen inviterer fire norske ferjeselskap til å vera med i konkurransen om å utvikla og drifta ei meir energi-og miljøeffektiv ferje på ferjesambandet Oppedal-Lavik på E39.

Tre ferjer

Det inneber at det bli tre ferjer på det viktige sambandet over Sog-

nefjorden. Det er selskapa Norled, Torghatten Trafikkselskap, Fjord 1 Fylkesbaatane og Boreal som skal konkurrera om å utvikla den nye miljø- og energieffektive ferja på Oppedal-Lavik.

Ti års kontrakt

Kontrakten for drift av ny ferje skal skje i juni i år. Kontraktsperioden strekkjer seg over ti år.

–Dei fire selskapa som har gitt anbod har i utviklingsfasen lagt fram interessante løysingar som opnar for store framsteg i arbeidet med ei meir miljøvenleg fer-

jedrift, seier samferdselsminister Magnhild Meltveit Kleppa.

For verftsnaeringa og verksemdar som leverer varer og tenester til verftsnaeringa, opnar ferjeprosjektet for interessante oppgaver og utfordringar på eit felt og i ein internasjonal marknad der det handlar om å smarte og miljøvenlege løysingar, seier samferdselsministeren.

Staten har i utlysinga ikkje bunde seg til ein spesiell teknologi for miljøferja. Selskapa står fritt til å utvikla eigne løysingar.

- Nybygg - Renovering - Egne prosjekter

Besøk oss gjerne i våre lokaler på Seim, eller du kan kikke på flotte hus fra Byggmann på www.seimbygg.no



SEIM BYGG

Nesbrekka 28, 5912 Seim
Tlf. 56 35 09 80
www.seimbygg.no

Huskatalog
2011/12